



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1426 - 16/4269

Saksbehandlar:
Harald Solheim
Harald.Solheim@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2016

Oversending av klagesak til endeleg handsaming - gbnr 181/11 Thorsheim

Informasjon:

Eigedom: 181/11
Adresse: Vassbygdvegen 482
Eigar/klagar: Olav Thorsheim

Saka gjeld:

Det vart sendt inn søknad om retting av matrikelopplysningar av 06.04.2015. Byggnr 176268662 var då registrert som fritidsbustad med kode 161 i matrikkelen.

Avslag på krav om retting vart gjeve i vedtak datert 05.01.2016.

Det vart sendt inn klage på avslag om retting av matrikelopplysningar den 18.01.2016. I klagen vert det vist til at huset opprinneleg var ein husmannsplass under garden Thorsheim bnr 1 og inntegna på utskiftningskartet frå 1905. Kartet syner også kjerreveg fram til huset. I 1965 vart denne parsellen frådelt med eget bnr 11.

Vi mottok tilleggsopplysningar til klage på avslag om retting av matrikelopplysningar den 29.02.2016. Det vert opplyst at i rapport frå synfaring/målingar av eksisterande avlaupsanlegg av 28.01.1980 at bygget var bustadhus brukt som hytte med «gammeldass».

VURDERING:

På bakgrunn av innsendte søknad vart bygget først endra til 162 «Våningshus benyttes som fritid». Dette vart dessverre gjort ved ein feil, og før ein hadde foretatt nødvendige undersøkingar om status på eigdommen. Endringa vart gjort utan at det vart gjort vedtak etter matrikellova § 26.

Opplysningane i matrikkelen vert endra når resultatet av klagesaken ligg føre.



I samband med søknad om endring i matrikkelen har Lindås kommune sjekka eigedommen i arkivet. Lindås kommune har ikkje opplysningar om når bygget er ført opp eller kva bygget er ført opp som.

Eigar har i sine brev/klagar gjort greie for historikken til bygningen.

Det er ingen registert adresse på denne eigedommen i Folkeregisteret. Klagar har og sjølv vist til at bygningen var brukt som bustad av hans onkel fram til 1960/1980. (I breva frå klagar er det ein plass vist til 1960 og seinare 1980).

Etter Lindås kommune si vurdering er dette ein bygning som har stått tom over lang tid. Uavhengig av kva bygget vart oppført som eller kva bruk som tidlegare har vore her, så er vår vurdering at det er så mange år sidan bygningen vart nytta som budtadhus, at ein bruk av bygningen til dette føremålet vil krevja søknad om bruksendring etter plan- og bygningslova § 20-1.

Det vert vist til sak 2006/592 hos Sivilombudsmannen, som gjaldt bruksendring av bryggehus frå bustad til fritidsbustad. I denne saka skriv Sivilombudsmannen:

«Bruken av en eiendom er ikke en egenskap ved eiendommen, men et uttrykk for eierens/brukerens disposisjoner og vil naturlig nok kunne forandres over tid. Selv om eieren gjennom en årrekke har brukt eiendommen på en bestemt måte, har han ikke av den grunn noe krav på å gjenoppta bruken dersom han en periode har benyttet eiendommen til andre formål. Det samme må gjelde dersom en bygning blir fraflyttet og stående tom over tid. En bruk over mange år gjør det naturlig nok lettere å fastslå hvilken bruk som er etablert, og som dermed lovlig kan fortsette uavhengig av senere planer. Det er nok også slik at man ved langvarig bruk lettere godtar (kortere) avbrudd uten at bruken anses som bortfalt. Men noen rett ut over dette, og som nærmest hefter ved eiendommen, gir bruken ikke.

Heller ikke den omstendighet at bruken som bolig var lovlig etablert både før strandsonerforbudet og kommuneplanen ble gitt, og at noen bruksendring ikke er registrert, kan etter mitt skjønn tillegges betydning. Det avgjørende må være den faktiske utnyttelsen av eiendommen, og i saken her var det mange år siden huset var benyttet som bolig.»

Etter dette finn ikkje Lindås kommune at det ligg føre nye opplysningar i saka som tilseier ei endra vurdering. På bakgrunn av dette vert Lindås kommune sitt vedtak datert 05.01.2016 opprettholdt. Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg handsaming.

Saksdokumenter er vedlagt.

Med helsing

Tommy Veland
Avdelingsleiar geodata

Harald Solheim
Rådgjevar geodata

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag om retting av matrikelopplysningar - gbnr 181/11 Torsheim

Vedlegg til saka

Klage på avslag om retting av matrikelopplysningar - gbnr 181/11 Torsheim

Kart

Grunnboksinformasjon

Matrikelinformasjon

2 stk kart frå Kartverket

Bruksendring frå hytte til bustad gbnr 181/11 Torsheim

Avslag på krav om retting av matrikelopplysningar - gbnr 181/11 Thorsheim

Kopi til:

Olav Thorsheim

Vassbygdvegen
484

5912

SEIM

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen